

Saksprotokoll i fylkestinget - 14.12.2016

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag til vedtak:

«Alternativt framlegg til vedtak:

Ved sal av fylkeskommunal eigedom er det viktig å maksimera verdiane for Hordaland fylkeskommune. Sal av Tunesvegen 35 vert utsett i påvente av regulering til bustadføremål og utvikling av eit konkret skisseprosjekt som syner utbyggingspotensialet for eigedomen.»

Røysting (forslaget om utsetjing)

Det var 54 representantar til stades.

Søviknes sitt forslag fekk 22 røyster (Frp, H, V) og fall.

Røysting (saka)

Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner sal av eigedomen Tunesvegen 35 på Garnes.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 8.900.000.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.